



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Austevoll kommune
v/ Andre Heitman Olsen
Birkelandsvegen 2
5392 STOREBØ

Dykkar ref

Vår ref

Dato

21/5700-2

12. november 2021

Spørsmål om matrikkelforskrifta § 10 b

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til e-post 5. november 2021 med spørsmål om korleis matrikkelforskrifta § 10 b er å forstå.

Regelen lyder:

«§ 10b *Føring av opplysninger om eksisterende matrikkelenhet fra eldre dokumenter*

(1) Kommunen kan føre inn opplysninger om eksisterende grenser og teiger basert på opplysninger fra målebrev, jordskiftekart eller liknende offentlige dokumenter som redegjør for grensen på en etterrettelig måte, så lenge

- a. det ikke er referert noen avtale om grensen etter matrikkellova § 19
- b. det ikke allerede er matrikkelført en oppmålingsforretning eller tilsvarende forretning om grensen.

(2) Føringen kan bare gjelde matrikkelførte enheter og kan ikke innebære en reell endring av grenser eller punktfeste.

(3) Kommunen skal varsle berørte parter om føringen og innholdet i denne. Det skal settes en frist på minst tre uker for eventuelle merknader. I varslet skal kommunen spørre partene om de er kjent med eventuelle senere rettshandler som har betydning for føringen. Dersom kommunen finner det riktig å endre føringen, skal kommunen sende nytt varsel.

(4) Kommunen skal bekrefte matrikkelføringen ved å sende relevant utdrag av matrikkelen til berørte registrerte eiere og festere, og opplyse om klageretten.»

Det er kommunen som avgjør om den aktuelle dokumentasjonen er tilstrekkeleg opplysande og påliteleg og er utført med tilstrekkeleg landmålingsteknisk kvalitet til at eventuell føring etter regelen i § 10 b kan skje. Kommunen må vurdere kvart dokument for seg. Kommunen kan ikkje ha ein generell praksis om aldri å tillate slike matrikkelføringar.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Planavdelinga

Saksbehandlar
Dag Høggvard
22 24 59 17

Kva for tekniske krav som må vere oppfylt, vil måtte byggje på ei konkret vurdering, blant anna kor sikkert opplysningane passer saman med andre opplysningar frå matrikkelkartet på den aktuelle staden. Dersom opplysningane er tvitydige eller manglar tilstrekkeleg klår geografisk plassering, vil saken ikkje kunne førast etter § 10 b. Det same gjeld dersom kommunen har grunn til å tru at den aktuelle grensa kan ha blitt lovleg endra på eit seinare tidspunkt.

Det er ikkje eit absolutt krav om at dokumentet viser grensepunkta med koordinatar dersom dokumentet er målsett med tilstrekkelege avstandar frå faste punkt slik at grensefiguren lar seg passe inn i matrikkelkartet på ein tilstrekkeleg sikker måte. Digitaliseringa av dokumentet må la seg gjere basert på dei opplysningane som går fram av det offisielle dokumentet, kommunen sine eigne transformasjonsparametre og matrikkelen elles. Dokumentet kan ikkje førast etter § 10 b dersom det må nyttast supplerande opplysningar frå partane eller andre.

Dersom nokre av grensepunkta allereie er ført på grunnlag av oppmålingsforretning eller avtale, for eksempel i forbindelse med ei tidlegare forretning over ein av naboeigedomane, kan ikkje opplysningar om desse punkta endrast med føring etter § 10 b, jf. vilkåra i første ledd bokstav a og b.

Kommunen skal varsle partar som saka vedkjem, jf. tredje ledd. Tvil eller tvist om nokre av dei aktuelle grensene mellom partane, er i seg sjølv ikkje til hinder for å kunne føre saka etter § 10 b. Heldt opp mot dei andre føresetnadene for å kunne føre saka, kan likevel uttrykt tvil eller tvist frå nokre av partane om ei eller fleire grenser, tale for at dokumentet som heilheit ikkje blir ført etter § 10 b.

Det går fram av matrikkelforskrifta § 22 første ledd bokstav b at det kan klagast over avgjerder om føring av opplysningar etter matrikkelforskrifta § 10 b. Det er såleis også høve til å klage til statsforvaltaren på eit eventuelt avslag på ein førespurnad om føring etter § 10 b.

Med helsing

Veslemøy Faafeng (e.f.)
utgreiingsleiar

Dag Høgvard
fagdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi: Kartverket